

Miljøverndepartementet
Postboks 8013, Dep

0030 Oslo



Vår ref:
2010/9-5

Sakshandsamar:
Tarjei Haugen
☎ 37937526
tarjei.haugen@svr.no

Arkiv:
K12

Dato:
16.02.2010

Innspel til etableringa av interkommunal forvalting av verneområda i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane

Vi viser til brev frå Miljøverndepartementet datert 14. desember 2009 med invitasjon til å etablere ei interkommunal forvalting for store verneområde.

Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde (SVR) har sidan 2001 vore eit av fire forsøksområde med lokal forvalting. Verneområda i Hjelmeland kommune og Suldal kommune har også hatt lokal forvalting. Alle desse verneområda grensar opp mot kvarandre og forvaltar den same villreinstamma. Desse to Ryfylke-kommunane har difor også vore med i dei interkommunale samarbeidsorgana mesteparten av forsøksperioden. Samarbeidet gjennom SVR har difor i praksis omfatta 10 kommunar.

Alle dei 10 kommunane i SVR har no takka ja til interkommunal forvalting samstundes som fleire av dei har kome med innspel til korleis dette konkret kan gjennomførast. Med utgangspunkt i brevet frå Miljøverndepartementet og vedtaka i kommunane har styret i SVR drøfta situasjonen og dei utfordringane vi står framfor ved etablering av eit interkommunalt forvaltingsorgan.

I brevet frå departementet vert det opplyst at ein tar sikte på å etablere ordninga i mars – april. Budsjettproposisjonen til departementet understrekar også at dei fire forsøksområda vil bli gjevne prioritet. Vi reknar difor med at eit møte med departementet er nær føreståande, og vi tillet oss difor å kome med forslag til problemstillingar som vi ynskjer blir drøfta når styret skal etablerast.

Omfang av området

Med utgangspunkt i forvalting av ei felles villreinstamme og i stor grad samanfallande verneformål meiner vi det bør etablerast ei felles forvalting av Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Lusaheia/Vormedalsheia landskapsvernområde, Holmevassåno/Kvanndalen/Dyraheio verneområde og Frafjordheiane landskapsvernområde.

Lokalisering

Eit så stort verneområde vil ha eit areal på 4747 km² og vil truleg bli det største verneområdet med felles forvaltning i heile landet. Arealet vil strekke seg inn i 3 fylke og 11 kommunar.

Området er prega av svært fragmentert eigedomsstruktur, stor diversitet i terrenotypane og store utfordringar innafor vern, skjøtsel og tilrettelegging. I tillegg kjem sjølvstyk at dei geografiske avstandane er så store at mykje av arbeidstida vil bli brukt til å køyre bil dersom arealet skal administrerast av eitt kontor. Vi meiner difor at det er heilt avgjerande for å lykkast at området vert forvalta med eit hovudkontor i Agder og eit avdelingskontor i Ryfylke.

Samlokalisering med andre fagmiljø

Når forvaltarane vert fordelt på to kontor, vert det ekstra viktig å samlokalisere dei med fagmiljø som arbeider med liknande problemstillingar. Med utgangspunkt i dei fagmiljøa som alt eksisterer i kommunane, ynskjer vi å diskutere kva som kan gjerast regionalt for på sikt å bygge opp robuste "fagklynger". Vi har fleire konkrete forslag vi gjerne vil diskutere med departementet.

Tilsettingsforhold for forvaltarane

Verneområda våre vart etablert i ein periode med stor lokal motstand og mange konflikhtar. Dette var og bakgrunnen for at SVR vart eitt av dei fire forsøksområda. Sidan har heldigvis mykje endra seg til det betre og konfliktnivået er i dag sterkt redusert. Ein viktig føresetnad for dette har vore den lokale forankringa gjennom eit aktivt ordførarkollegium og lokal administrasjon.


For å sikre legitimitet for vernet blant grunneigarar og i lokalmiljøa og for å unngå at gamle konflikhtar får ny næring, meiner vi det hadde vore svært klokt om forvaltarane i SVR hadde vore tilsette i vertskommunane. Det faglege samarbeidet med miljøvernavingane hjå Fylkesmannen er sjølvstyk svært viktig, men det kan best sikrast gjennom forpliktande samarbeidsavtalar.

Stillingsressursar


Vi reknar og med at spørsmålet om stillingsressursar er eit naturleg emne å ta opp når den interkommunale forvaltninga skal etablerast. Fleire faktorar vil sjølvstyk påverke dette spørsmålet, men hovudvekta må nødvendigvis ligge på kva for arbeidsoppgåver som ventar dei nye forvaltarane. På møtet ynskjer vi å kome med innspel til kva for arbeidsoppgåver vi meiner bør gjevast prioritet.

Vi håpar desse innspela kan takast med i arbeidet med å etablere eit nytt forvaltingsregime. Vi ser fram til at forsøksperioden no vert avslutta og forvaltninga kjem inn i permanente former.

Med helsing



Thor Jørgen Tjørhom, styreleiar



Tarjei Haugen, prosjektleiar

Kopi til:

Bygland kommune		4745	Bygland
Bykle kommune		4754	Bykle
Forsand kommune		4110	Forsand
Hjelmeland Kommune		4130	Hjelmeland
Hægebostad kommune		4595	Tingvatn
Sirdal kommune		4440	Tonstad
Åseral kommune		4540	Åseral
Suldal Kommune	Eidsveien 7	4230	Sand
Kvinesdal kommune	Nesgata 11	4480	Kvinesdal
Valle Kommune	pb. 4	4747	Valle
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	ÅLGÅRD